

Kantoren som reiste til Berlevåg for å spela konsert.

24.07.2020



Kantor Eva Megyesi reiste like godt til Berlevåg for å spela konsert i kyrkja.

Organisten i Uskedalen, kantor Eva Megyesi, ville sjå landet, møta menneske og dyr og drog mot nord med Berlevåg i Finnmark som reisemål. Der hadde ho ei venninne med namnet Melinda Fodor. Det var festival på plassen og kantoren slo like godt til med gratis konsert i Berlevåg kyrkje fredag 17. juli med eit program sett saman av salmar, klassisk musikk og gospel. Berlevåg er kjend for mannskoret sitt. Eva har invitert Berlevåg Mannskor til Kvinnherad.

På nettsida berlevågnytt.com les vi meir om Eva Megyesi som bur i Odda og er kantor i Kvinnherad. Ho spelar i 12 kyrkjer og er vane med å flytta seg frå orgelkrakken til pianoet nede i kyrkja, slik ho gjorde i Berlevåg

også. Frammøte kunne vore betre, men med kort kunngjeringstid og konsert ein fredag kl. 20.00 var det likevel bra.

Dei som møtte fram fekk oppleve ein energibunt av ein artist med klassisk musikk, salmar og gospel. Heile 18 nummer stod på programmet. Eva fortel til den lokale nettsida at ho starta med piano i ein alder av fem år, heime i Ungarn der ho var fødd. Ho og mannen kom til Noreg i 2012, Pabel som organiset i Odda ho med Kvinnherad som tenestestad.



[Plakaten som fortel at kantoren i Kvinnherad spelar konsert i Berlevåg.](#)

I Berlevåg fekk ho møta venninna si, Melinda, som dei fleste kjenner som tannlegen på plassen. Dei møttest i studietida for mange år sidan og har halde kontakten seinare.

Reisa til Berlevåg gjekk stort sett på E6, men med avstikkarar til Tromsø og til Lofoten. I vakkert ver med temperatur mellom 16 - 20 grader fekk ho oppleve flott natur med fjell, fjordar, isbrear og med reinsdyr i vegkanten. I Lappland fekk ho sjå og samla seg kunnskap om folkeslag som vert rekna som ein minoritetar.

Dei som er på Facebook med Eva Megyesi, har den siste veka motteke mange bilete med vakre motiv frå reisa Odda - Berlevåg tur/retur.

Tur/retur var på 6440 km.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Eva Megyesi



Det vart også tid til ein avstikker til Lofoten. Her frå Kabelvåg.